



DET KONGELEGE  
UTANRIKSDEPARTEMENT

# St.prp. nr. 45

(1999-2000)

---

Om samtykke til godkjenning av avgjerd i EØS-komiteen nr. 40/2000 av 11. april 2000 om endring av protokoll 31 til EØS-avtala om deltaking for EFTA/EØS-statane i det femårige handlingsprogrammet til EU for katastrofevernebuing

*Tilråding frå Utanriksdepartementet av 14. april 2000, godkjend i statsråd same dagen.*

Om samtykke til godkjenning av avgjerd i EØS-komiteen nr. 40/2000 av 11. april 2000 om endring av protokoll 31 til EØS-avtala om deltaking for EFTA/EØS-statane i det femårige handlingsprogrammet til EU for katastrofevernebuing

## 1 Bakgrunn

Avgjerd i EØS-komiteen nr. 40/2000 av 11. april 2000 gjeld innlemming i EØS-avtala av rådsvedtak 1999/847/EF av 9. desember 1999 om skiping av eit fellesskapshandlingsprogram for katastrofevernebuing. Vedtaket endrar protokoll 31 til EØS-avtala om samarbeid på særlege område utanfor dei fire fridomane, slik at samarbeidet vert utvida til å omfatte det femårige handlingsprogrammet for katastrofevernebuing.

Norsk deltaking i handlingsprogrammet fører med seg ei plikt til å løyve midlar over fleire år. Då EØS-komiteen vedtok å ta programmet inn i EØS-avtala, gav Noreg difor dei andre avtalepartane melding om at dei forfatningsrettslege krava etter artikkel 103 i EØS-avtala må vere stetta i Noreg før avgjerda vil verte bindande.

Uoffisiell norsk omsetjing av avgjerd i EØS-komiteen nr. 40/2000 av 11. april 2000 og rådsvedtak 1999/847/EF av 9. desember 1999 følgjer som trykte vedlegg til proposisjonen.

Om samtykke til godkjenning av avgjerd i EØS-komiteen nr. 40/2000 av 11. april 2000 om endring av protokoll 31 til EØS-avtala om deltaking for EFTA/EØS-statane i det femårige handlingsprogrammet til EU for katastrofevernebuing

## 2 Nærmare om handlingsprogrammet

Sidan 1985 har samarbeidet i EU om katastrofevernebuing utvikla seg frå å vere eit tidvist tema på ministerrådsmøte, til at det er skipa eit handlingsprogram for katastrofevernebuing for tidsrommet 1998-1999. Medlemsstatane i EU har saman med EFTA/EØS-statane teke del i det toårige programmet. Prosjekt, øvingar, utveksling av sakkunnige og gjennomføring av konferansar er aktivitetar som er vortne sette i verk. Responen på aktivitetane har vore positiv, både frå medlemsstatane og Europakommisjonen si side.

Dessutan har fleire av statane i Europa nyleg vore råka av naturkatastrofar og industriulykker i form av jordskjelv, flaum, orkanar, snøskred, giftutslepp i Donau, jarnbaneulykker osv. Nokre av desse krisene har hatt eit slikt omfang at dei har gått ut over éin einskild stat. I fleire tilfelle har det difor vore naudsynt å handtere og diskutere krisesituasjonar i mellomstatlege forum.

På bakgrunn av dette er det vedteke eit nytt handlingsprogram for katastrofevernebuing i EU for tidsrommet 1. januar 2000 - 31. desember 2004. Det nye programmet er i hovudsak likt det førre. Føremålet er å styrkje det europeiske samarbeidet innan katastrofevernebuing. Programmet har som mål å støtte opp om og utfylle verksemda til lokale, regionale og nasjonale styresmakter. Målgruppa som det vert satsa på, er institusjonar og personar med ansvar for katastrofevernebuing. I hovudsak vert det fokusert på følgjande område:

- å støtte arbeidet til medlemsstatane for å redusere risiko og skade på menneske, miljø og eigedom i tilfelle av naturkatastrofar eller teknologiske katastrofar,
- å støtte tiltak som aukar katastrofevernebuingsnivået blant medlemsstatane, slik at dei har betre evne og høve til å respondere i ein krisesituasjon,
- å betre metodane og teknikkane for handtering av kriser,
- å støtte opp om offentleg informasjon, utdanning og medvitsaukande tiltak, slik at innbyggjarane i EU-området meir effektivt kan verne seg sjølve.

I samband med programmet vil det verte utarbeidd ein treårig rullerande plan for konkrete prosjekt. Ein styringskomité vil vedta planen og revidere han årleg på bakgrunn av framlegg frå dei einskilde deltakarstatane. Prosjekta i planen vert i stor grad samordna under hovudprosjekta: utveksling av sakkunnige, førebygging og handtering av kriser og informasjon til publikum. Kvart hovudprosjekt vert leidd av éin stat, med støtte frå to eller tre andre. I styringskomiteen vil det frå norsk side vere representantar frå Direktoratet for sivilt beredskap og Direktoratet for brann- og eksplosjonsvern.

Prosjekta skal finansierast på grunnlag av kostnadsdeling mellom medlemsstatane, Europakommisjonen og dei institusjonane/organisasjonane som søker om støtte. Når eit prosjekt har fått støtte frå styringskomiteen og Europakommisjonen, vil deltakinga frå medlemsstatane verte finansiert innan ramma av projektkostnadene.

I regi av programmet skal det setjast i verk førebuande og førebyggjande tiltak som t.d.:

- større prosjekt som er av allmenn interesse for medlemsstatane, og som kan auke evna til sivilt vern,

Om samtykke til godkjenning av avgjerd i EØS-komiteen nr. 40/2000 av 11. april 2000 om endring av protokoll 31 til EØS-avtala om deltaking for EFTA/EØS-statane i det femårige handlingsprogrammet til EU for katastrofevernebuing

- opplæring gjennom kurs, utveksling av sakkunnige og øvingar,
- forsøksprosjekt for å redusere responstida på kriser, støtte til utvikling av sivile verneprogram, store konferansar og informasjon om sivilt vern,
- mobilisering av sakkunnige som skal støtte opp om krisehandteringsappara-  
rata i dei einskilde medlemsstatane dersom det skulle finne stad ein katas-  
trofe.

Ut frå tidlegare røynsler, vil det gjennom programmet setjast større fokus på tiltak som kan betre informasjonen i tilfelle av ei krisehending. Ei styrking av dette området vert sett på som særskild viktig i lys av moderne former for kommunikasjon, aukande mobilitet og aukande heterogenitet i fleire europeiske statar.

Ein reknar vidare med at gjennomføringa av handlingsprogrammet kan medverke til auka integrering av omsyna til katastrofevernebuing på andre samfunnsområde, både i EU og i medlemsstatane. I denne samanhengen vert det satsa på å fremje ei slik integrering innan forskning, industri, transport, regionpolitikk osv. Det vil særleg verte arbeidd for å samordne prosjekt i handlingsprogrammet med initiativ som vert finansierte av strukturfonda.

Om samtykke til godkjenning av avgjerd i EØS-komiteen nr. 40/2000 av 11. april 2000 om endring av protokoll 31 til EØS-avtala om deltaking for EFTA/EØS-statane i det femårige handlingsprogrammet til EU for katastrofevernebuing

### 3 Avgjerda i EØS-komiteen

Som eit ledd i det innbyrdes samarbeidet i EØS vedtok EØS-komiteen 11. april 2000 å endre protokoll 31 til EØS-avtala om samarbeid på særlege område utanfor dei fire fridommane.

Avgjerda inneheld ei innleiing og fire artiklar. I innleiinga er det vist til EØS-avtala, og spesielt til artikkel 86 og 98, som gjer det mogleg å endre vedlegga til avtala gjennom avgjerd i EØS-komiteen.

Artikkel 1 slår fast at rådsvedtak 1999/847/EF om skiping av eit fellesskapshandlingsprogram for katastrofevernebuing skal takast inn i protokoll 31 artikkel 10 nr. 8 som nytt strekpunkt.

Artikkel 2 seier at ordet «fellesskapshandlingsprogrammet» i nr. 5, 6, og 7 i artikkel 10 i protokoll 31 skal bytast ut med «fellesskapshandlingsprogrammene», at ordet «komiteen» i nr. 7 i artikkel 10 i protokoll 31 skal bytast ut med «komiteene», og at ordet «rettsakt» skal bytast ut med «rettsakter».

Artikkel 3 slår fast at avgjerda tek til å gjelde 1. juli 2000, på det vilkåret at EØS-komiteen har fått melding om at alle forfatningsrettslege krav for godkjenning av vedtaket er stetta i samsvar med artikkel 103 nr. 1 i avtala. Avgjerda skal nyttast frå 1. januar 2000.

Artikkel 4 seier at avgjerda i EØS-komiteen skal kunngjerast i EØS-avdelinga av og EØS-tillegget til Tidend for Dei europeiske fellesskapa.

## 4 Vurderingar

Samarbeidet innanfor handlingsprogrammet skapar ein viktig arena blant deltakarstatane i programmet når det gjeld utveksling av sakkunnige, røynsler og informasjon om katastrofevernebuing på tvers av landegrensene. Ut frå varierende føresetnader vil ulike statar ha røynsler rundt særskilte krisescenarior som er av interesse for andre statar. For Noreg er det t.d. av interesse at Storbritannia og Tyskland for kort tid sidan har hatt røynsler med større togulykker, Austerrike med snøskred, Nederland og Tyskland med flaum og Frankrike med omfattande skadar etter orkan. Gjennom prosjekt kan sakkunnige på alle nivå ta del i internasjonalt samarbeid innanfor fagfelte sine.

Støtte gjennom handlingsprogrammet inneber at organisatoren av eit prosjekt i hovudsak finansierer deltakinga til sakkunnige frå andre statar. Dette prinsippet vart innført ved handlingsprogrammet for 1998-1999 og vidareført til det nye femårige programmet. Til no har dette prinsippet ført til at fleire norske fagstyresmakter har teke del i aktivitetar som seminar og øvingar, i tillegg til å hjelpe andre EU/EØS-statar med å organisere prosjekt. Gjennom det nye programmet vil ein betre kunne halde ved lag dei samarbeidsmønstra som er skipa for informasjonsutveksling, og dessutan ha eit godt høve til å skape nye. Deltaking i programmet inneber vidare at relevante fagmiljø i Noreg får høve til å utarbeide kompetanseheevande aktivitetar i regi av programmet.

Målet i programmet om å medverke til å redusere risiko og skade for menneske, miljø og eigedom både på lokalt, regionalt og sentralt nivå, er i tråd med dei satsingsområda for den norske katastrofevernebuinga som vart lagde fram i St.meld. nr. 25 (1997-1998). Etter stortingsmeldinga skal det for tidsrommet 1999-2002 gjevast særleg prioritet til tiltak som kan gjere samfunnet mindre sårbart på lokalt, regionalt og sentralt nivå, og til å styrkje den generelle kompetansen for krisehandtering. Av St.prp. nr. 1 (1999-2000) går det òg fram at eit av hovudmåla for katastrofevernebuinga i 2000 er å satse på internasjonalt samarbeid. Deltaking i fellesskapshandlingsprogrammet for katastrofevernebuing vil såleis vere i tråd med norske interesser og ha grunnlag i nasjonale prioriteringar.

Om samtykke til godkjenning av avgjerd i EØS-komiteen nr. 40/2000 av 11. april 2000 om endring av protokoll 31 til EØS-avtala om deltaking for EFTA/EØS-statane i det femårige handlingsprogrammet til EU for katastrofevernebuing

## **5 Administrative og økonomiske konsekvensar**

Det samla budsjettet for programmet for heile tidsrommet er 7,5 millionar euro, om lag 61 millionar kroner. Det samla tilskotet frå Noreg vil utgjere om lag 1,04 millionar kroner, med ei gjennomsnittleg årleg fordeling på om lag 260.000 kroner. Etter nærmare avtale vil kostnadene i samband med deltakinga i programmet verte fordelte med 60 % over budsjettet til Justisdepartementet via Direktoratet for sivilt beredskap, og med 40 % over budsjettet til Kommunal- og regionaldepartementet via Direktoratet for brann- og eksplosjonsvern.

Deltakinga i programmet får ingen nemnande administrative konsekvensar. Det krevst heller ingen endringar i lover eller forskrifter.

Om samtykke til godkjenning av avgjerd i EØS-komiteen nr. 40/2000 av 11. april 2000 om endring av protokoll 31 til EØS-avtala om deltaking for EFTA/EØS-statane i det femårige handlingsprogrammet til EU for katastrofevernebuing

## 6 Konklusjon og tilråding

Justisdepartementet meiner at Noreg bør ta del i handlingsprogrammet fordi det er føremålstenleg med internasjonalt samarbeid på dette området, og fordi programmet er i tråd med norske interesser og prioriteringar. Justisdepartementet, med tilslutning frå Kommunal- og regionaldepartementet, rår til at Noreg godkjenner avgjerda i EØS-komiteen om deltaking i handlingsprogrammet for katastrofevernebuing. Utanriksdepartementet sluttar seg til dette.

Utanriksdepartementet

t i l r å r :

At Dykkar Majestet godkjenner og skriv under eit framlagt forslag til proposisjon til Stortinget om samtykke til godkjenning av avgjerd i EØS-komiteen nr. 40/2000 av 11. april 2000 om endring av protokoll 31 til EØS-avtala om deltaking for EFTA/EØS-statane i det femårige handlingsprogrammet til EU for katastrofevernebuing.

---

**Vi HARALD**, Noregs Konge,

s t a d f e s t e r :

Stortinget blir bedt om å gjere vedtak om samtykke til godkjenning av avgjerd i EØS-komiteen nr. 40/2000 av 11. april 2000 om endring av protokoll 31 til EØS-avtala om deltaking for EFTA/EØS-statane i det femårige handlingsprogrammet til EU for katastrofevernebuing, i samsvar med eit framlagt forslag.

Tilråding frå Utanriksdepartementet ligg ved.



Om samtykke til godkjenning av avgjerd i EØS-komiteen nr. 40/2000 av 11. april 2000 om endring av protokoll 31 til EØS-avtala om deltaking for EFTA/EØS-statane i det femårige handlingsprogrammet til EU for katastrofevernebuing

## Vedlegg 1

# Avgjerd i EØS-komiteen nr. 40/2000 av 11. april 2000 om endring av protokoll 31 til EØS-avtala om samarbeid på særlege områder utenfor de fire friheter

EØS-KOMITEEN HAR -

med tilvising til avtala om Det europeiske økonomiske samarbeidsområdet, justert ved protokollen om justering av avtala om Det europeiske økonomiske samarbeidsområdet, heretter kalla «avtala», særleg artikkel 86 og 98, og

ut frå desse synsmåtane:

1. Protokoll 31 til avtala vart endra ved avgjerd i EØS-komiteen nr. 71/1999 av 2. juni 1999 <sup>1)</sup>
2. Samarbeidet mellom avtalepartane bør utvidast til å omfatte rådsvedtak 1999/847/EF om skiping av eit fellesskapshandlingsprogram for katastrofevernebuing <sup>2)</sup>
3. Protokoll 31 til avtala bør difor endrast for å gjere eit slikt utvida samarbeid mogleg frå 1. januar 2000 -

TEKE DENNE AVGJERDA:

### Artikkel 1

I artikkel 10 nr. 8 (*katastrofeberedskap*) i protokoll 31 til avtala skal nytt strekpunkt lyde:

«- **399 D 0847**: Rådsvedtak 1999/847/EF av 9. desember 1999 om skiping av eit fellesskapshandlingsprogram for katastrofevernebuing (TEF L 327 av 21.12.1999, s. 53).»

### Artikkel 2

I artikkel 10 i protokoll 31 til avtala vert det gjort følgjande endringar:

1. I nr. 5, 6 og 7 vert «fellesskapshandlingsprogrammet» endra til «fellesskapshandlingsprogrammene».
2. I nr. 7 vert «komiteen» endra til «komiteene».
3. Ordet «rettsakt» vert endra til «rettsakter».

### Artikkel 3

Denne avgjerda tek til å gjelde 1. juli 2000, på det vilkåret at EØS-komiteen har motteke alle meldingar etter artikkel 103 nr. 1 i avtala.

Avgjerda skal nyttast frå 1. januar 2000.

<sup>1)</sup> Enno ikkje kunngjord.

<sup>2)</sup> TEF L 327 av 21.12.1999, s. 53.

Om samtykke til godkjenning av avgjerd i EØS-komiteen nr. 40/2000 av 11. april 2000 om endring av protokoll 31 til EØS-avtala om deltaking for EFTA/EØS-statane i det femårige handlingsprogrammet til EU for katastrofevernebuing

**Artikkel 4**

Denne avgjerda skal kunngjerast i EØS-avdelinga av og EØS-tillegget til *Tidend for Dei europeiske fellesskapa*.

Utfjerda i Brussel, 11. april 2000.

For EØS-komiteen	
Formann	
F. Barbaso	
Sekretærar for EØS-komiteen	
G. Vik	E. Gerner

Om samtykke til godkjenning av avgjerd i EØS-komiteen nr. 40/2000 av 11. april 2000 om endring av protokoll 31 til EØS-avtala om deltaking for EFTA/EØS-statane i det femårige handlingsprogrammet til EU for katastrofevernebuing

## Vedlegg 2

### **Rådsvedtak av 9. desember 1999 om skiping aveit fellesskapshandlingsprogram for katastrofevernebuing (1999/847/EF)**

RÅDET FOR DEN EUROPEISKE UNIONEN HAR -

med tilvising til traktaten om skipinga av Det europeiske fellesskapet, særleg artikkel 308,

med tilvising til framlegget frå Kommissjonen <sup>3)</sup>,  
med tilvisning til fråsegna frå Europaparlamentet <sup>4)</sup>,  
med tilvisning til fråsegna frå Økonomi- og sosialutvalet <sup>5)</sup>,  
med tilvising til fråsegna frå Regionutvalet <sup>6)</sup> og  
ut frå desse synsmåtane:

1. Dei fellesskapstiltaka som er gjorde på dette området sidan 1985, må halde fram med sikte på å styrkje samarbeidet mellom medlemsstatane. Dei resolusjonane som er vedtekne sidan 1987 <sup>7)</sup>, og rådsvedtak 98/22/EF av 19. desember 1997 om skiping av eit fellesskapshandlingsprogram for katastrofevernebuing <sup>8)</sup> dannar grunnlaget for dette samarbeidet.
2. Dei einskilde tiltaka som Fellesskapet har gjort for å gjennomføre programmet, medverkar til å verne personar, miljø og eigedom i tilfelle naturkatastrofar og teknologiske katastrofar, og til å skape auka medvit om det innbyrdes tilhøvet mellom verksemda til menneske og naturen, noko som kan gjere det mogleg å unngå mange katastrofar, medrekna overfløyminnar, i framtida.
3. I fellesskapsprogrammet for politikk og tiltak på området miljø og berekraftig utvikling <sup>9)</sup> som Kommissjonen har lagt fram, er det fastsett at fellesskapsinnsatsen skal aukast, særleg på områda katastrofevernebuing og miljøkatastrofar. Det same programmet rår til at det i denne innsatsen vert teke omsyn til den vitskaplege forskinga og den teknologiske utviklinga.
4. Skipinga av eit fellesskapshandlingsprogram vil medverke til at samarbeidet på dette området kan utviklast endå meir effektivt. Programmet bør i stor grad byggje på røynsler som alt er gjorde på dette området.
5. I samsvar med nærleiksprinsippet vil fellesskapssamarbeidet støtte og utfylle den nasjonale politikken for katastrofevernebuing med sikte på å gjere han meir effektiv. Utveksling av røynsler og innbyrdes hjelp vil medverke til å redusere tap av menneskeliv, personskadar, økonomiske skadar og miljøskadar i heile Fellesskapet, og såleis gjere måla sosial utjamning og solidaritet klarare.

<sup>3)</sup> TEF C 28 av 3.2.1999, s. 29.

<sup>4)</sup> TEF C 279 av 1.10.1999, s. 210.

<sup>5)</sup> TEF C 169 av 16.6.1999, s. 14.

<sup>6)</sup> TEF C 293 av 13.10.1999, s. 53.

<sup>7)</sup> TEF C 176 av 4.7.1987, s. 1, TEF C 44 av 23.2.1989, s. 3, TEF C 315 av 14.12.1990, s. 1, og TEF C 313 av 10.11.1994, s. 1.

<sup>8)</sup> TEF L 8 av 14.1.1998, s. 20.

<sup>9)</sup> TEF C 138 av 17.5.1993, s. 5.

Om samtykke til godkjenning av avgjerd i EØS-komiteen nr. 40/2000 av 11. april 2000 om endring av protokoll 31 til EØS-avtala om deltaking for EFTA/EØS-statane i det femårige handlingsprogrammet til EU for katastrofevernebuing

6. Visse særtrekk ved dei isolerte og mest fjerntliggjande regionane i Unio-  
nen har ein negativ innverknad på grunn av dei geografiske, topografiske,  
sosiale og økonomiske tilhøva deira, og gjer det vanskeleg å kome fram  
med hjelp og hjelpeaksjonsmiddel dersom det skulle oppstå sær s farlege  
situasjonar.
7. Fellesskapshandlingsprogrammet vil skape klarleik og konsolidere og  
styrkje dei ulike tiltaka som er gjorde for å verkeleggjere måla i traktaten.
8. For å førebyggje risiko og skade, og for å opplyse og førebu dei som har  
ansvaret for og arbeider med katastrofevernebuing i medlemsstatane, er  
det viktig å betre førebuinga i samband med ulukker. Likeins er det viktig  
å setje i verk fellesskapstiltak for å betre teknikkane og metodane for gjen-  
nomføring av hjelpeaksjonar og yting av omgåande hjelp etter naudssitua-  
sjonar.
9. For å hjelpe europeiske borgarar med å verne seg sjølve på ein meir effek-  
tiv måte er det òg viktig å setje i verk tiltak som er retta mot ålmenta.
10. Det faste nettet av nasjonale kontaktpersonar for katastrofevernebuing vil  
framleis spele ei aktiv rolle i saker som gjeld katastrofevernebuing.
11. Dei tiltaka som er naudsynte for å gjennomføre dette vedtaket, skal vedta-  
kast i samsvar med rådsbeslutning 1999/468/EF av 28. juni 1999 om fast-  
settelse av nærmere regler for utøvelsen av den gjennomføringsmyndig-  
het som er tillagt Kommisjonen <sup>10)</sup>
12. Føresegnene i dette vedtaket kjem frå 1. januar 2000 i staden for det hand-  
lingsprogrammet som vart vedteke ved vedtak 98/22/EF, og som gjeld  
fram til 31. desember 1999.
13. I dette vedtaket er det ført opp ein finansiell referansesum, slik det er defi-  
nert i punkt 34 i den tverrinstitusjonelle avtala av 6. mai 1999 mellom Euro-  
parlamentet, Rådet og Kommisjonen om budsjett disiplin og budsjett-  
handsaming <sup>11)</sup>  
, for heile det tidsrommet som programmet varer, utan at dette rører ved  
dei fullmaktene som budsjettstyresmakta har i medhald av traktaten.
14. I traktaten er det berre artikkel 308 som gjev heimel for å gjere dette ved-  
taket -

**GJORT DETTE VEDTAKET:**

### *Artikkel 1*

1. Det vert vedteke eit fellesskapshandlingsprogram på området katastrofe-  
vernebuing (heretter kalla «programmet») for tidsrommet 1. januar 2000-31.  
desember 2004.

2. Føremålet med programmet er å støtte og utfylle innsatsen til medlems-  
statane på nasjonalt, regionalt og lokalt plan for vern av personar, eigedom og  
dermed òg miljøet i tilfelle naturkatastrofar eller teknologiske katastrofar,  
utan at det rører ved kompetansefordelinga i medlemsstatane. Føremålet er  
òg å oppmuntre til samarbeid, utveksling av røynsler og innbyrdes hjelp mel-  
lom medlemsstatane på dette området.

<sup>10)</sup> TEF L 184 av 17.7.1999, s. 23.

<sup>11)</sup> TEF C 172 av 18.6.1999, s. 1.

Om samtykke til godkjenning av avgjerd i EØS-komiteen nr. 40/2000 av 11. april 2000 om endring av protokoll 31 til EØS-avtala om deltaking for EFTA/EØS-statane i det femårige handlingsprogrammet til EU for katastrofevernebuing

3. Dette programmet omfattar ikkje tiltak som tek sikte på å harmonisere lovene og forskriftene i medlemsstatane, eller organiseringa av førebuing på nasjonalt plan i medlemsstatane.

#### Artikkel 2

1. Kommisjonen skal gjennomføre dei tiltaka som er fastsette innan ramma av dette programmet.

2. For å gjennomføre dette programmet skal det i samsvar med den framgangsmåten som er fastsett i artikkel 4, vedtakast ein rullerande plan som skal gjelde i tre år og vurderast på nytt kvart år.

3. Den finansielle referansesummen for gjennomføringa av dette programmet er 7,5 millionar euro.

Dei årlege løyvingane skal godkjennast av budsjettstyresmakta innan ramma av dei finansielle overslaga.

4. Dei tiltaka som er fastsette innan ramma av dette programmet, og finansieringsordningane for fellesskapstilskotet, er oppførde i vedlegget.

#### Artikkel 3

1. Den rullerande planen for gjennomføring av dette programmet skal innehalde dei særskilde tiltaka som skal gjerast.

2. Dei særskilde tiltaka skal hovudsakleg veljast ut på grunnlag av følgjande kriterium:

- a) Medverknad til å hindre risikoen for og skadane på personar, eigedom og dermed òg miljøet i tilfelle naturkatastrofar eller teknologiske katastrofar,
- b) medverknad til å betre førebuinga hjå dei som arbeider med katastrofevernebuing i medlemsstatane, med sikte på å betre evna deira til å gripe inn i tilfelle naudssituasjonar,
- c) medverknad til å oppdage og granske årsakene til katastrofar,
- d) medverknad til å betre midla og metodane for varsling, teknikkane og metodane for gjennomføring av hjelpeaksjonar og yting av omgåande hjelp etter naudssituasjonar,
- e) medverknad til å gje borgarane opplysning, utdanning og auka medvit med sikte på å betre evna deira til å verne seg sjølve.

3. Kvart særskilt tiltak skal gjennomførast i nært samarbeid med medlemsstatane.

4. Der det er relevant, bør dei tiltaka som vert gjorde i medhald av dette programmet, medverke til

- å integrere måla med katastrofevernebuing i den andre politikken og dei andre tiltaka til Fellesskapet og medlemsstatane, særleg medrekna risikovurdering i samband med vurdering av verknaden av anlegg og innsats,
- å sikre at det er samanheng mellom dette programmet og andre fellesskapstiltak.

5. Kvart tiltak skal ta omsyn til resultata frå forskning innanfor dei aktuelle områda på fellesskapsplan og på nasjonalt plan.

Om samtykke til godkjenning av avgjerd i EØS-komiteen nr. 40/2000 av 11. april 2000 om endring av protokoll 31 til EØS-avtala om deltaking for EFTA/EØS-statane i det femårige handlingsprogrammet til EU for katastrofevernebuing

#### Artikkel 4

1. Kommisjonen skal få hjelp av eit utval.

2. Når det vert vist til dette nummeret, skal artikkel 4 og 7 i avgjerd 1999/468/EF gjelde.

Det tidsrommet som er fastsett i artikkel 4 nr. 3 i avgjerd 1999/468/EF, skal vere tre månader.

3. Utvalet fastset møteføresegnene sine.

#### Artikkel 5

Kommisjonen skal vurdere gjennomføringa av dette programmet halvvegs og før det vert avslutta, og leggje fram ein rapport om dette for Europaparlamentet og Rådet høvesvis 30. september 2002 og 31. mars 2004.

#### Artikkel 6

Dette vedtaket skal nyttast frå 1. januar 2000.

#### Artikkel 7

Dette vedtaket er retta til medlemsstatane.

Utfërda i Brussel, 9. desember 1999.

For Rådet

F. BODEN

Formann

#### Vedlegg

Tiltak <sup>1</sup>	Finansieringsordning
A. <i>Større prosjekt av allmenn interesse</i>	
Større prosjekt som er av allmenn interesse for alle medlemsstatane eller for nokre av dei, og som gjer det mogleg å betre visse viktige sider ved katastrofevernebuinga, som t.d.	Finansieringstilskot frå Fellesskapet: opptil 75 % av dei samla kostnadane til tiltaket.
- førebygging	
- førebuing	
- hjelpeaksjonar	
- omgåande hjelp	
- oppdaging og gransking av årsakene til katastrofar (analyse av risiko og skadefare)	
- analyse av sosio-økonomiske følgjer av katastrofar	
- betring av midla og metodane for varsling.	
B. <i>Opplæring</i>	
1. <i>Arbeidsgrupper og kurs</i> <sup>2</sup>	

Om samtykke til godkjenning av avgjerd i EØS-komiteen nr. 40/2000 av 11. april 2000 om endring av protokoll 31 til EØS-avtala om deltaking for EFTA/EØS-statane i det femårige handlingsprogrammet til EU for katastrofevernebuing

Organisering av arbeidsgrupper og opplæringskurs som samlar sakkunnige, fagfolk og teknikarar frå medlemsstatane, slik at dei innanfor kvart fagområde kan utveksle røynsler gjennom djuptgåande drøftingar om metodar, teknikkar og framgangsmåtar med sikte på	Finansieringstilskot frå Fellesskapet: opptil 75 % av dei samla kostnadane til tiltaket, med ei øvre grense på 75 000 euro per tiltak.
- å betre førebuinga	
- å skape vilkår for skiping av eit nett av personar som gjer det mogleg med eit meir effektivt samarbeid mellom medlemsstatane i tilfelle naudssituasjonar.	
<i>2. Utveksling av sakkunnige og teknikarar</i>	
Utplassering av sakkunnige ved katastrofevernebuingstenestene eller andre relevante organ i ein annan medlemsstat for at sakkunnige kan få høve til å skaffe seg røynsle frå eller studere dei metodane som vert nytta av andre katastrofevernebuingstenester eller relevante organ.	Opptil 75 % av reise- og opphaldsutgiftene for dei sakkunnige, og 100 % av utgiftene til samordning av ordninga.
Utteksling mellom medlemsstatane av sakkunnige, fagfolk og teknikarar som såleis får høve til å følgje korte opplæringskurs.	
<i>3. Øvingar <sup>2</sup></i>	
Føremålet med desse øvingane er å jamføre metodar, fremje samarbeidet mellom medlemsstatane og støtte framdrifta med omsyn til samordning av dei nasjonale ordningane for katastrofevernebuing med sikte på m.a. å gjere hjelpeaksjonane betre og snøggare i tilfelle naudssituasjonar.	Finansieringstilskot frå Fellesskapet: opptil 50 % av kostnadene til deltakande observatørar frå andre medlemsstatar, og til organisering av tilhøyrande arbeidsgrupper, førebuing av øvinga, utarbeiding av sluttrapporten osv.
<i>C. Andre tiltak</i>	
<i>1. Forsøksprosjekt <sup>2</sup></i>	
Prosjekt som har til føremål å betre kapasiteten til hjelpeaksjonane og syte for ei snøggare gjennomføring av dei på eit tidleg stadium i naudssituasjonar som oppstår i ulike regionar i medlemsstatane. Desse prosjekta tek hovudsakleg sikte på å betre midla, teknikkane og framgangsmåtane, òg i dei isolerte og mest fjerntliggjande regionane eller på øyane. Dei må ha eit slikt verkeområde og omfang at dei er av interesse for alle eller for fleire av medlemsstatane, og dei bør på best mogleg måte spreiest og gjerast kjende i heile Unionen.	Finansieringstilskot frå Fellesskapet: opptil 50 % av dei samla kostnadane til kvart forsøksprosjekt, med ei øvre grense på 200 000 euro per prosjekt.
Fleirnasjonale prosjekt bør oppmuntrast i størst mogleg grad.	
<i>2. Støttetiltak <sup>2</sup></i>	
Støttetiltak som t.d. førebuinge arbeid i samband med nye område, eller einskilde tiltak til oppfølging av andre prosjekt, arbeidsgrupper eller øvingar.	Finansieringstilskot frå Fellesskapet: opptil 50 % av dei samla kostnadane til kvart tiltak, med ei øvre grense på 30 000 euro per tiltak.
<i>3. Konferansar og arrangement</i>	

Om samtykke til godkjenning av avgjerd i EØS-komiteen nr. 40/2000 av 11. april 2000 om endring av protokoll 31 til EØS-avtala om deltaking for EFTA/EØS-statane i det femårige handlingsprogrammet til EU for katastrofevernebuing

Konferansar og andre arrangement i samband med katastrofevernebuing, der fleire medlemsstatar tek del.	Finansieringstilskot frå Fellesskapet: opptil 30 % av dei samla kostnadane til kvart arrangement, med ei øvre grense på 50 000 euro per tiltak.
<i>4. Opplysning</i>	
- Tiltak som kan gje borgarane betre opplysning og utdanning og auka medvit med sikte på å betre evna deira til å verne seg sjølve på ein meir effektiv måte, same kvar i Fellesskapet dei er, og som kan medverke til å betre tryggleiken til borgarane i Fellesskapet	Finansieringstilskot frå Fellesskapet: opptil 75 % av dei samla kostnadene til tiltaket.
- Spreiing av opplysningar og publikasjonar, og framstilling av utstillingsmateriell om fellesskapssamarbeidet på området katastrofevernebuing.	Finansieringstilskot frå Fellesskapet: 100 % av kostnadene.
<i>5. Andre tiltak</i>	
- Andre tiltak som tek sikte på å gjere bruk av resultatane av innsats på området katastrofevernebuing, t.d. statistikkar og økonomiske analysar	Finansieringstilskot frå Fellesskapet: 100 % av kostnadene.
- Vurdering av programmet	
- Spreiing av opplysningar om dei tiltaka som er vedtekne, på språka i dei medlemsstatane som er omfatta av tiltaka.	
<i>D. Mobilisering av sakkunnige</i>	
Mobilisering av sakkunnige som kan setjast inn i tilfelle naudssituasjonar, for å styrkje den ordninga som er innført av styresmaktene i ein medlemsstat eller tredjestat som står overfor naturkatastrofar eller teknologiske katastrofar.	Finansieringstilskot frå Fellesskapet: 100 % av kostnadene i samband med oppdraga til dei sakkunnige.

1 Støtte kan berre gjevast til tiltak som er i samsvar med dei prioriteringane som kvart år vert fastlagde av forvaltingsutvalet.

Særlege tiltak som kan få støtte i medhald av andre fellesskapsordningar, vert ikkje finansierte innan ramma av dette programmet. Når det gjeld del D, tyder dette at tiltak som kan få støtte m.a. i medhald av ECHO, ikkje kan finansierast innan ramma av dette programmet.

2 Støtte kan berre gjevast til tiltak som er av interesse for alle eller for svært mange av medlemsstatane.